

Stord vatn og avlaup KF

Postboks 304, 5402 Stord
Vare- og besøksadresse: Rundehaugen 45, 5412 Stord
Telefon 53 49 66 00
Telefaks 53 49 66 29

NVE
v/ Bård Ottesen
Konsesjonsavdelinga,
Postboks 5091, Majorstua,
0301 Oslo.

Dato:22.09.2014.

Din ref:313/044

Vår ref.: COL

Arkiv:

Fråsegn i frå Stord Kommune, Stord vatn og avlaup KF til Erko Settefisk AS - Søknad om løyve til uttak av vatn og regulering av Storavatnet i Stord kommune, Hordaland

Hen visar til telefonsamtale med Norconsult v/ Andre Bjørdal, som er vår prosjekterande, den 08.09.2014. og sakhandsamar Bård Ottesen.

Venlig helsing

Carl Ove Larsen
Prosjektleder i Stord vatn og avlaup KF

Telefon; 53 49 69 95 Mobil; 415 28 330
carl.ove.larsen@stord.kommune.no

Ekro Settefisk AS – Søknad om løyve til uttak av vatn og regulering av Storavatnet i Stord kommune, Hordaland – høyring

Fråsegn frå Stord vatn og avlaup KF

Stord vatn og avlaup KF (SVA) er eit eige kommunalt føretak som har ansvar for drift- og utbygging av kommunale vatn- og avløpsinstallasjonar i Stord kommune. Mellom anna har me 11 avløpspumpestasjonar med tilhøyrande leidningsnett som ligg i strandsona rundt Storavatnet. Desse stasjonane ligg på lågaste punktet i terrenget for å fanga opp avløpet frå omkringliggjande busetnad. Stasjonane er slik konstruert at ved straumbrot eller teknisk svikt i pumpene skal stasjonen gå i overløp til Storavatnet. Det medfører at avløpsvatnet renn rett i vatnet for ikkje å få oppstuvning på leidningsnettet med tilhøyrande konsekvens at avløpet kjem inn i kjellarane til busetnaden rundt. Dagens overløpsløyse er under endring. Ved utskifting av gamle pumpestasjonar vert det laga til slamavskiljar på naudoverløpet som held att noko av forureininga før avløpsvatnet renn ut i Storavatnet.

Både dagens pumpestasjonar og dei nye løysingane med ekstra slamavskiljar er heilt avhengige av at ein blir kvitt naudoverløpsvatnet til Storavatnet. For at dette skal fungera hydraulisk i våre anlegg må ikkje vassnivået i Storavatnet regulerast lenger opp. Sjølv små avgrensa oppregulering av vatnet medfører at våre anlegg ikkje greier senda avløpsvatnet i naudoverløp og ein får då avløpsvatn inn i kjellarar på omkringliggjande busetnad.

SVA er klar over at fråsegna frå oss skulle vore NVE i hende tidlegare. At så ikkje er skuldast mellom anna at me ikkje var klar over kor minimalt med høgdeforskjell det er mellom naudoverløp, leidningsnett og vassyta i Storavatnet. Gjennom planlegging av føreståande renovering av pumpestasjonane er me blitt bevisste på dette.

I høyringsdokumentet er det vist plassering av hovudinntaket til Ekro Settefisk AS i Storavatnet. I dette punktet har me under renovering to nye overløpsleidningar som vil munna ut like der settefiskanlegget vurderer sitt inntak. Skal settefiskanlegget ha inntak i vatnet må ein finna ein «reinare» lokalitet for dette inntaket enn kloss i vårt utslepp av overløpsvatn frå avløpsnettet. SVA har i dag vassleidningar som går på tvers av vatnet i tillegg til private leidningar. SVA aksepterer ikkje at våre leidningar vert liggjande under ein ny inntaksleidning for settefisk då ei slik løysing vil gå utover våre kundar. Me aksepterer heller ikkje at det vert lagt inntaksleidning over private VA-leidningar, då det kan skapa lekkasje/driftsproblem som kan ha påverknad på vårt leidningsnett.

Oppsummering:

SVA sine avløpsanlegg er svært sårbare for svingningar i vassnivået på Storavatnet. Heving av nivået vil medføra avløp inn i omkringliggjande bustadhus. Vidare må inntakspunkt på inntaksleidning flyttast for ikkje å stå i direkte kontakt med vår overløpsutslepp samt at inntaksleidning ikkje må leggjast oppå eksisterande VA-installasjonar i vatnet.

Stord vatn og avlaup KF rår NVE til ikkje å akseptera ei heving av vassnivået i Storavatnet.

Stord ..

23.09.14



Sivert Haaland
Daglig Leiar



Carl Ove Larsen
Prosjektleiar